

Oppmoding om overdraging av

5-sifra nummer:

Utfylt skjema sendast til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) på e-post: firmapost@nkom.no

TIDLEGARE SLUTTBRUKAR		
Bruksrettshavar sitt namn		Organisasjonsnummer
NY SLUTTBRUKAR		
Namn		Organisasjonsnummer
Postadresse		Postnr./poststad
Telefonnummer		E-post (firma)
Kontaktperson	Telefon	E-post (kontaktperson)
Fakturaadresse		Postnr./poststad
Ev. fakturareferanse/bestillingsnummer		
Gjeld overdraginga nummer for landsomfattande teneste med ikkje-kommersielt formål av samfunnsnyttig karakter? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		
Dersom ja, legg ved forklaring av formål og annan relevant dokumentasjon. Tildelingar gjerest berre i lågaste kategori (kategori F), og det tildelast maksimalt tre nummer til redusert årleg pris.		
UNDERSKRIFT		
<p><i>Underskrivar tek med dette over plikt og rettar som gjaldt for tidligare bruksrettshavar/sluttbrukar. Underskrivar stadfester kjennskap til føresegner om overdraging, tildeling og bruk av 5-sifra nummer, med heimel i forskrift om nummerressursar for elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester av 16. februar 2004 nr. 426 §§ 22 og 22a og forskrift om sektoravgift og gebyr til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet av 20. mars 2017 nr. 386 § 6. Sektoravgifta til Nkom er per i dag kr 2 000,- og avgifta til staten varierer etter kategori frå kr 2 700,- til kr 121 700,-. Underskrivar er dermed merksam på at <u>årleg</u> samla avgift varierer frå kr 4 700,- til kr 123 700,- avhengig av kva nummer som er tildelt, såframt nummeret ikkje er tildelt til redusert årleg pris. (For tildelingar etter 1. juli vert sektoravgifta halvert.) Nkom minner om at nummer med ringeprisar over grunntakst ikkje kan brukast til kundeservice ang. allereie inngåtte avtalar med forbrukarar, jf. lov om kontroll med marknadsføring og avtalevilkår mv. av 9. januar 2009 nr. 2 § 11, tredje ledd.</i></p> <p>Viktig informasjon om tildeling: Den som får tildelt eit 5-sifra nummer må sjølv ta kontakt med sin teletilbydar for teknisk driftsetting.</p> <p>Viktig informasjon om oppseiing: Husk at nummeret må seiast opp <u>både</u> hos Nkom og din teletilbydar. Dersom oppseiing av 5-sifra nummer er sendt Nkom innan utgangen av eit kalenderår (31. desember), skal det ikkje betalast verken sektoravgift eller statleg avgift for det påfølgjande år. Avgifta til staten (ikkje sektoravgifta til Nkom) fell vekk dersom oppseiinga er sendt innan 1. april eller søknad om nytt nummer er sendt 1. oktober eller seinare.</p> <p>Viktig informasjon om overdraging: Overdraging av nummer til ny bruksrettshavar skal meldast til Nkom i eige skjema. Oppmodinga vert behandla så raskt som mogleg og seinast tre veker etter at korrekt og fullstendig søknad er mottatt.</p> <p>For meir informasjon, sjå www.nkom.no/5-siffer.</p> <p>Oppmodinga stadfestast med dette av personar som kan forplikta dei involverte føretaka:</p>		
Dato	Stad	
TIDLEGARE BRUKSRETTSHAVAR SI UNDERSKRIFT (Gjenta underskrifta med blokkbokstavar)		
NY BRUKSRETTSHAVAR SI UNDERSKRIFT (Gjenta underskrifta med blokkbokstavar)		